

Styremøte Alver kulturråd

26 aug 2020

- **Stad: Kantina KIM**
- **Dato og tid: måndag 24 aug 2020 kl 18**

		Styrefunksjon	Mobiltf	E-post
Arild Hagenes	OK	Styreleiar	990 34 535	nordhordland.husflidslag@outlook.com
Johan Myking	OK	Sekretær	950 82 751	jmykin@online.no
Per Ole Ekker	OK	Kassierer	995 54 540	per-ole.ekker@alver.kommune.no
Jegvan Kaarbø	OK	Styremedlem	911 48 103	jegvan.kaarbo@gmail.com
Raymond Solli	Meldt avbud	Styremedlem	476 12 038	raysolli@online.no
Mette Marei Træland	OK	Styremedlem	971 59 640	zoti@online.no
Sissel Fløysand	OK	Styremedlem	957 60 989	sisselfloysand@gmail.com
Gro Sundal	Meldt avbud	1 varamedlem	905 47 740	gro.sundal@bkkfiber.no
Hilde Hagesæter	Ikkje møtt	2 varamedlem	414 05 376	hilde.alvaer@hotmail.com

Sakliste:

Sak 17-2020 Godkjenning av innkalling, sakliste til dette møtet og referat frå siste møte

Godkjent. Siste styremøte var 25 mai og styret tok ein rask gjennomgang av referatet. Referatet er lagt ut på heimesida til Knarvik Frivilligsentral.

<https://knarvik.frivilligsentral.no/dokument?Alverkulturraad&Id=78485>

Det skal nemnast at styret hadde sommeravslutning med middag på Hagellia Matstove 15 juni. Denne avslutninga var ikkje eit styremøte i den forstand og det er heller ikkje referert frå avslutninga.

Sak 18-2020 Ang søknad om medlemskap Kløvheim Bygdelag

Styret diskuterte generelt kring kriterie for medlemskap i Alver kulturråd. Det kom fram nokre problemstillingar styret ønskjer å sjå nærare på. Sjølv om staten sitt verkty, Frivilligregisteret, kan vere eit godt utgangspunkt for vurdering, er det den samla kompetansen i Alver kulturråd som best kan kvalitetssikre medlemskap. Styret tar ein grundig gjennomgang av medlemskap på neste styremøte.

Sak 19-2020 Rekruttering av nye medlemar - annonsering

Det blir med jamne mellomrom sendt ut direkte spurnad om medlemskap til lag og organisasjonar innanfor kategorien kultur, som t.d. kor og korps. Det er og annonsert for medlemskap i Alver kulturråd i fullistribusjon og lagt ut på heimesida til Knarvik Frivilligsentral. Det blei nemt at Alver kulturråd kan setje opp eit medlemsmøte, og kanskje lage ei spørjeundersøking i løpet av hausten. Styret tar opp saka på neste møte. Gjeldande annonseavtale blir sendt ut til styret og alle medlemslag.

Sak 20-2020 Kulturmidlar haust 2020

Det er søknadsfrist på kulturmidlar 1 sept. I denne søknadsrunden er det prosjektmidlar laga kan søkje på. Meir informasjon på <https://www.alver.kommune.no/innhald/kultur-og-aktivitet/tilskotsordningar/>

Sak 21-2020 Felles presentasjon av kulturråd og idrettsråd i kommunestyret

Styret gir Arild, Johan og Per Ole mandat til å utarbeide ein presentasjon. Presentasjonen sendast til styret for godkjenning før presentasjon i kommunestyret.

Sak 22-2020 Ymse – ingen saker

Møtet ferdig ca kl 20:00

Per Ole Ekker | for Alver kulturråd

E-post: per-ole.ekker@alver.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 54 / 995 54 540

-Sign.-